



STATSMINISTERENS KONTOR

Pressemelding

Nr.: 76/1999
Dato: 6. mai 1999
Sperrfrist:

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Måndag 10. mai kl. 08.30 tek statsministeren imot den svenske utanriksministeren, Anna Lindh, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere.

Om ettermiddagen reiser statsministeren til Nordkjosbotn i Troms, der han kl. 19.30 deltek på eit folkemøte som dei tre regjeringspartia held. Følgjet overnattar på Rica Ishavshotellet i Tromsø. Pressekontakt er informasjonssjef Øivind Østang, telefon 91 34 64 70.

Tysdag 11. mai kl. 10.50 talar statsministeren på Kommunenes Sentralforbund sin konferanse om lokaldemokrati, på Rica Ishavshotellet i Tromsø. Han reiser attende til Oslo tidleg på føremiddagen.

Frå onsdag 12. til tysdag 18. mai er statsministeren i Alicante-regionen på Costa Blanca i Spania. Pressekontakt under opphaldet er statssekretær Gunnar Husan, telefon 91 12 12 16.

Torsdag 13. mai kl. 19.00 talar statsministeren i den norske klubben på Costa Blanca.

Måndag 17. mai kl. 10.00 deltek statsministeren i familiegudsteneste i den norske kyrkja på Solgården i Villa Joyosa, og på den etterfylgjande 17. maifesten på Solgården. Kl. 14.00 deltek statsministeren i 17. maitoget i Alfaz del Pi. Kl. 19.30 held han talen for dagen under 17. maifesten som det norske konsulatet, kyrkja, skulen, Solgården og den norske klubben held på Hotel Benidorm Palace i Benidorm.

Tysdag 18. mai kl. 11.45 vert statsministeren motteken av statsministeren i delstaten Catalonia, Jordi Pujol, i Palacio Pedralbes i Barcelona. Josep Duran i Lleida, leiar i Den kristelegdemokratiske unionen i Catalonia, deltek også i samtalen. Kl. 12.30 opnar statsministeren nordmannen Tore A. Holm sin utstilling av samtidskunst, i Palacio Pedralbes i Barcelona.

Statsministeren er attende i Oslo tysdag kveld 18. mai.